



Administrativt vedtak

Saksansvarleg: Øi Knut Fredrik

Arkivsaknr.:
19/62-9

Arkiv
K2 - K40, K1 - 223

Sakshandsamar
Øi Knut Fredrik, 57641200

Dato
16.06.2019

Tildeling av fellingsløyve hjort og elg - Aurland 2019

Kort samandrag

Bestandsplan for hjort i perioden 2018-2020 vart vedteke våren 2018. Denne ligg til grunn for løyvetildelinga for hjort. Dei valda som er medlem i Aurland bestandsplanområde for hjort kan nytta ubrukte fellingsløyve frå 2018. Totalt er det då 543 fellingsløyve for hjort og 20 fellingsløyve for elg tilgjengeleg i 2019. Målet er at hjortebestanden i Aurland skal reduserast til eit lågare nivå enn halvparten av 2016-nivået. Dette vil krevja høge fellingstal både i 2019 og 2020. Det er søkt Miljødirektoratet om fri kvote på kalv/ungdyr, utvida jakttid og eit økonomisk tilskot til fellingsstimulerande tiltak.

Vedtak:

Med heimel i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt* tildeler Aurland kommune følgjande fellingsløyve i 2019:

- 20 fellingsløyve på elg
- 390 fellingsløyve på hjort

Aurland kommune nyttar § 7 i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt* og avvik minstearealet for tildeling av fellingsløyve på hjort med 50% for dei valda som ligg på «Nordfjella Sone 1-sida» av Aurlandsvassdraget. Med heimel i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt* §16 tillet Aurland kommune at alle ubrukte fellingsløyve på hjort i 2018 kan nyttast også i 2019 (for dei valda som er medlem i bestandsplanområdet).

Saka er vurdert etter naturmangfoldlova.

Vedlegg:

Aurland hjortevald 2019
Aurland elgvald 2019

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Forskrift om forvaltning av hjortevilt
Naturmangfoldlova

Saksutgreiing

Miljødirektoratet har i brev av 28.02.2019 oppmoda alle 15 kommunar i Nordfjella-regionen til å meir enn halvvera bestandane av hjort og elg i høve 2016-nivået. Dette som eit førebyggjande tiltak mot spreining av skrantesjuka. Lærdal og Aurland kommunar er, grunna høg tettleik av hjort og store areal i Nordfjella sone 1, oppmoda til å redusera endå meir. Norsk Institutt for Naturforskning (NINA) har fått i oppdrag frå Miljødirektoratet å estimera bestandsstorleiken i 2016 og føreslå ei avskytning i 2019 og 2020 som skal resultera i ein halvering av bestandane.

Vurdering

Kraftig auke i avskytning på hjort i 2017 og ein påfølgjande tøff vinter har truleg ført til ein redusert hjortebestand i Aurland. Sett-hjort tala indikerer ein reduksjon på meir enn 30%. Rapporten til NINA meiner på sin side at bestanden ikkje er nevneverdig redusert. Lokalt meiner ein at dødelegheiten vinteren 2017/18 har hatt større påverknad enn kva som kjem fram i NINA-rapporten. NINA sine anbefalte fellingstal for Aurland seier at det i kommunen må fellast om lag 500 hjort i 2019 og 350 hjort i 2020 for å vera på halve bestandsstorleiken etter jakta 2020. Fellingsrekorden frå 2017 var på 234 dyr. Aurland bestandsplanområde har ikkje definert eksakt tal på mål om felling, men nyttar sett-hjort pr innsats som måltal for utviklinga. Lokalt har ein forsøkt å identifisera flaskehalsane for auka felling, og vil kontinuerleg gjennom jakta vurdera status. Om felling og sett-hjort-tala tydar på for høg bestand/for låg felling vil det vera aktuelt å vurdera ekstra tiltak. Det er sendt søknad til Miljødirektoratet om å kunna ha jakt på hjort/elg i januar i tillegg til at det er søkt om fri kvote på kalv/ungdyr. Frå før har Aurland fått dispensasjon frå *Forskrift om forvaltning av hjortevilt* til å ha fullstendig frie fellingsløyve for å gjera jakta effektiv. Likeeins har Aurland fått dispensasjon til å ha same jakttid for hjort og elg; 1. september-23. desember. Aurland kommune har søkt Miljødirektoratet om 150 000 kr som skal forvaltast av styret i Aurland bestandsplanområde til stimulerande tiltak for auka jaktinnsats. Dette fordi auka uttak av hjort i Aurland nødvendigvis vil krevja mykje ekstra innsats frå jegerane. Det tek om lag 5 jaktdagar å fella 1 hjort i Aurland.

Våren 2018 vart det godkjent ny bestandsplan for hjort i Aurland, gjeldande for perioden 2018-20. I samråd med styret/årsmøtet i Aurland bestandsplanområde for hjort, har rådmannen slutta at det ikkje er trong for formelle endringar i bestandsplanen, trass i brevet frå Miljødirektoratet og estimatene frå NINA. I bestandsplanen er det argumentert for eit minsteareal på 500 daa i planperioden for dei valda som er på «Nordfjella sone 1- sida» av Aurlandsvassdraget. Dette krev eit avvik frå forskriftsfesta minsteareal som er på 1000 daa i heile kommunen. Aurland kommune nytta *Forskrift om forvaltning av hjortevilt* §7 for å avvika dette med 50% i 2018, til 500 daa, og gjer det same i 2019. Dette gir 390 fellingsløyve for hjort i 2019. *Forskrift om forvaltning av hjortevilt* § 16 opner for at fellingsløyve kan flyttast mellom åra i planperioden. Det er opp til kommunen å vurdera i kva for grad dette kan nyttast. Situasjonen med skrantesjuka og trongen for ein monaleg reduksjon i hjortestamma, er argument for at det ikkje burde vera begrensning på flytting av fellingsløyve mellom åra i planperioden. Rådmannen vurderer det difor til at alle ubrukte fellingsløyve på hjort frå 2018 også kan nyttast i 2019. Likeeins kan løyve frå 2020 også nyttast i 2019. Det er kun dei valda som er medlem i Aurland bestandsplanområde for hjort som har denne moglegheiten. I desse 45 valda (av 54 totalt) var det 153 ubrukte fellingsløyve i 2018. Totalt vert det då 543 tilgjengelege fellingsløyve for hjort i Aurland i 2019.

Jamfør *Naturmangfaldlova* § 7 skal prinsippa i §§ 8 til 12 leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet. Ved godkjenning av bestandsplan for hjort i Aurland bestandsplanområde i perioden 2018-20 (sak 028/18) vart desse punkta grundig belyst. Situasjonen er i dag den same som då desse vurderingane vart gjort våren 2018. Rådmannen legg desse vurderingane til grunn også for 2019.

Rådmannen tilrår at Aurland kommune, med heimel i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt*, tildeler følgjande fellingsløyve i 2019:

- 20 fellingsløyve på elg
- 390 fellingsløyve på hjort

Viss søknad om fri kvote på kalv/ungdyr vert godkjend hjå Miljødirektoratet, kjem dette i tillegg til normal kvote.

Oversikt over tildeling til dei ulike valda er å finna i vedlegga.